

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 01.05.2018
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2018/427
STYRESAK: **059/18**

STYREMØTE: **22.05. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek vedlagte styreinstruks for Helse Vest RHF som ny styreinstruks med verknad frå 22. mai 2018.

Oppsummering

Med bakgrunn i behandling av sak 031/18 i styremøte 7. mars 2018 er det utarbeidd revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF.

Styreinstruksen er korrigert med rett tal på styremedlemmer valt av og blant dei tilsette og observatør frå regionalt brukarutval i styret, jf. Styreinstruksen punkt 2.

Fakta

Ved behandling av sak 031/18 *Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF* blei det frå styret peika på at styreinstruksen må rettast opp med rett tal på styremedlemmer valt av og blant dei tilsette og observatør frå regionalt brukarutval i styret.

Det blei bedt om at styret fekk seg førelagt ein eigen styresak om dette.

Kommentarar

Styreinstruksen er revidert i tråd med merknadane frå styremøte 7. mars 2018, jf. sak 031/18.

Dei aktuelle endringane er gjort i styreinstruksen punkt 2.

Det er styret som sjølv gjer endeleg vedtak om revidert styreinstruksen.

Vedlegg: Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF